



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2815 - 14/9252

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
12.06.2014

Retting av matrikkelgrenser i kartet - kommunal veg Moldekleiv gbnr 27/252

Meland kommune har registrert at det er feil i grenser i matrikkelkartet for kommunal veg til Moldekleiv gnr. 27 bnr.252.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen eller jordskifteverket ved kart- eller oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er utan kostnad for rekvirent og er heimla i Matrikkellova §26.

Generell informasjon om/ vilkår for retting av grenser:

Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og kan dokumentera grensene med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikkelkartet.

Dersom partane har ulike påstandar, kan grensa verte lagt inn som omtvista grense, dvs fleire aktuelle bruksnummer på same areal.

Dersom partane ikkje er samde om retting av grense må partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dette er den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart, eventuelt ny-merka og målt, på ein etterviseleg måte. Slik forretning må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at slik retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av kvaliteten til grensa. Grensa vert framleis liggande som "usikker" grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis verte meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte og merka i marka som gjeld.

Ved innlegging av den kommunale vegen til Moldekleiv har denne vorte registrert om lag 60 m for langt mot vest. Den kommunale vegen endar etter snuhammar rett aust for eldre våningshus på bnr 3, 8. I dag er vegen registrert til å gå enno 60 m vidare mot vest.

På vedlagte kart er avgrensinga av den kommunale vegen teikna inn, slik det kjem fram etter opplysningar frå dei som vedlikeheld og brøyter denne vegen. Det er naudsynt at arealet omfattar veglengde nok til at lastebilar kan snu på vegen etter snuhammaren.

Dersom de ikkje er samde i at denne rettinga vert utført, bed ein om at de kjem med skriftleg tilbakemelding innan 3 veker frå de mottok dette brevet.

Dersom det ikkje kjem inn motforestillingar til framlegget, vert matrikkelgrensa endra i samsvar med framlegget. Underretting om rettinga av grenser vert sendt til dei det gjeld etter at rettinga er utført i matrikkelen.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartvedlegg retting

Mottakere:

Meland kommune
Harald Sundhordvik

Postboks 79

5906

FREKHAUG